



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Postmottak Skriftlige spørsmål

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/4769-2

20. desember 2024

Spørsmål nr. 673 frå stortingsrepresentant Birgit Oline Kjerstad til kommunal- og distriktsministeren

Eg viser til brev av 16. desember frå Stortingets president med oversending av spørsmål nr. 673 frå stortingsrepresentant Birgit Oline Kjerstad til kommunal- og distriktsministeren. Spørsmålet gjeld tilskot på både Kommunal- og distriktsdepartementet og Samferdselsdepartementet sitt budsjett og ansvarsområde. Første del av spørsmålet er svart på av kommunal- og distriktsministeren, medan andre del av spørsmålet er svart på av samferdselsminister Jon-Ivar Nygård som rette statsråd.

Spørsmål

I sitt alternative budsjett foreslår Frp foreslår å kutte 2 milliarder kroner i finansiering av fylkeskommunene, og 1 milliard kroner i tilskudd til byområder. Kva fordelingseffekt vil dette gi pr. fylke og pr. bykommune som får midlar frå statsbudsjettet i dag?

Grunngiving

Fremskrittspartiets alternative budsjett for 2025.

Svar

I vedlegg til Prop. 1 S (2024–2025) for Kommunal- og distriktsdepartementet, Grønt hefte, er det berekna eit anslag på dei frie inntektene frå fylkeskommunane i 2025. I dette anslaget blir skatt på inntekt og rammetilskot frå staten rekna som dei frie inntektene til fylkeskommunane. Fordelinga av skatteinntektene mellom fylkeskommunane i 2025 er ikkje kjend. I anslaget på frie inntekter i 2025 i Grønt hefte er derfor skatteanslaget for kvar enkelt fylkeskommune basert på fordelinga av skatteinntektene frå fylkeskommunane i 2023.

Hovuddelen av rammetilskotet blir i utgangspunktet likt fordelt per innbyggjar. For å gi eit anslag på kva ein reduksjon i finansieringa til fylkeskommunane med 2 mrd. kroner vil gi i mindreinntekt for kvar enkelt fylkeskommune, er mindreinntektene fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Fordelinga av ein reduksjon i rammetilskotet på 2 mrd. kroner er vist i tabell 1.

Tabell 1: Fordeling av ein reduksjon i rammetilskotet til fylkeskommunane på 2 mrd. kroner, fordelt med eit likt beløp per innbyggjar. Tal i 1000 kroner.

Fylkeskommune	Innbyggertall per 1.7.24	Fordeling av redusert rammetilskot (1 000 kr)
03 Oslo	720 616	-258 667
11 Rogaland	502 285	-180 297
15 Møre og Romsdal	271 376	-97 412
18 Nordland	243 328	-87 344
31 Østfold	313 533	-112 544
32 Akershus	735 337	-263 952
33 Buskerud	270 541	-97 112
34 Innlandet	376 849	-135 272
39 Vestfold	257 263	-92 346
40 Telemark	177 560	-63 736
42 Agder	320 675	-115 108
46 Vestland	652 944	-234 377
50 Trøndelag	484 720	-173 992
55 Troms	169 864	-60 973
56 Finnmark	74 850	-26 868
Heile landet	5 571 741	-2 000 000

Andre del av spørsmålet, om tilskot til byområde, gjeld Samferdselsdepartementet sitt område. Samferdselsministeren har gitt følgjande svar:

«I 2025 er det lagt til grunn en bevilgning på 4547 mill. kr over kap. 1332 Transport i byområder mv., post 66 Tilskudd til byområder. Midlene skal i all hovedsak gå til å følge opp byvekstavtalene og belønningsavtalene i de ni største byområdene. I tillegg er det lagt til grunn midler til tilskudd til klima- og miljøvennlig byutvikling og god fremkommelighet i mindre byområder. Alle disse tilskuddene skal bidra til at byområdene når nullvekstmålet for persontransport med bil.

Det er vanskelig å si noe konkret om hvordan et kutt på 1 mrd. kr kan fordeles mellom byområdene på en måte som oppfattes som rettferdig, og hvilke konsekvenser det vil få lokalt. Frp har så vidt jeg har forstått ikke foreslått en fordeling, og det finnes heller ikke en fast nøkkel for dette formålet. Et kutt kan skje på ulike måter, f.eks. som ostehøvelkutt, ut fra prosentvis fordeling basert på behovene i 2025 eller ut fra oppfølgingsgrad så langt i

avtaleperioden. Uansett innretning vil et slikt kutt ha store ulemper. Det må også tas høyde for at en del midler er å anse som bundet i 2025 til prosjekter/tiltak som er i gang. Et kutt som hindrer optimal fremdrift innebærer økte kostnader og ineffektiv ressursbruk.

Uansett fordeling er det også på det rene at et kutt av denne størrelsesorden vil gi en stor svekkelse av statens oppfølging av byvekstavgiftene. Det kan bli nødvendig å utsette eller stanse utbyggingen av gang- og sykkelveier og kollektivtiltak, og redusere kollektivtilbudet. Dette vil igjen virke negativt på måloppnåelsen. Samlet sett vil dette bli svært krevende å håndtere i byvekstsamarbeidet, der vi er avhengige av at alle partene opptrer forutsigbart og følger opp sin del av forpliktelsene i avtalene.

Det har over lang tid vært bred politisk enighet om å styrke arbeidet med byvekstavgiftene, og nullvekstmålet har en solid forankring i alle de største byområdene. Etter hva jeg forstår er Frp uenig i premissene med dagens byvekstavgifter med nullvekstmålet, og de ønsker at bilen skal være en integrert del av transportsystemet også i byene. En slik tilnærming med tilrettelegging for økt biltrafikk vil bryte med selve grunnlaget for byvekstavgiftene, som det i mange år har vært tverrpolitisk enighet om, og som også Frp gikk inn for da de hadde samferdselsministeren under forrige regjering. Dette vil være en lite fremtidsrettet og bærekraftig utvikling av byene våre, og gi mer kø, dårligere mobilitet, større utslipp og støy. Jeg mener derfor at det er avgjørende at arbeidet med å nå nullvekstmålet fortsatt prioriteres høyt.»

Med helsing



Erling Sande